



STUDENT

PARLAMENTET

VED HØGSKULEN I VOLDA

Protokoll

Studentparlamentsmøte 29.03.2023

Tid Onsdag 29.03.23 kl 16.00-19.00.
Stad Konferanserommet, Rokken 2. etg.

Til stades med stemmerett: 8

AHL Sindre Rabben Tronstad, Veronica Bjørdal Sæternes
AKF Jonas Kumpch Eilertsen (V)
AMF -
ASH Jenny Nystad, Linnea Sundquist (V)
FRI Joachim Selsbakk Hansen, Liza W. Nieuwenhuis, Tonje L. Sjøholm (V)

Meldt forfall: Nikolai Skaug Kolstad (fagansvarleg) Simen Toverud (AMF), Simen Vederhus (AMF), Sissel Elin Ruset (AKF), Preben Rosenvinge (AKF), Marte Lohne (ASH), Maher Othman (FRI)

Til stades utan stemmerett

AU Trond-Fredrik Hoddevik (leiar), Andrine Kompen (velferd), Ronda Bekkevoll (info), Ammy Bolme (int.),
Ordstyrar Rikke Jenny Pettersen
Referent Marit Aklestad (organisasjonsrådgjevar)
Andre møtande Nina Kvalen (sak 57), Fadderstyret v/Mari Sjørebø Pedersen, Sondre Nordstrand Fure og Eirik Emanuelsen (sak 58)

Saksliste

Sak 55 – 22/23: Opprop og val av møteleing	2
Sak 56 – 22/23: 1. Godkjenning av innkalling	3
Sak 56 – 22/23: 2. Godkjenning av saksliste	3
Sak 56 – 22/23: 3. Godkjenning av referat frå møte 01.03.23	3
Sak 57 – 22/23: Voldakortet – orientering frå Volda kommune	4
Sak 58 – 22/23: Orienteringar	5
Sak 59 – 22/23: Komite for sommaravslutning	5
Sak 60 – 22/23: Bruk av gåvemidlar	6
Sak 61 – 22/23: Revidering av stillingsomtalan til AU	7
Sak 62 – 22/23: Revidering av valreglementet	7
Sak 63 – 22/23: Resolusjon om Studiebarometeret	7

Sak 55 – 22/23: Opprop og val av møteleing

Namneprop. 8 røysteføre, Studentparlamentet er vedtaksdyktige.

Val av møteleing

Vedtak (samrøystes):

- Rikke Jenny Pettersen vart vald til dagens ordstyrar
- Organisasjonskonsulent Marit Aklestad vart vald til referent
- Ronda Bekkevoll og Ammy Bolme vart valde til teljekorps

Sak 56 – 22/23: 1. Godkjenning av innkalling

Type sak: Vedtakssak

Vedtak (samrøystes):

Studentparlamentet godkjende møteinnkallinga.

Merknad: sakspapira blei sendt ut etter fristen.

Sak 56 – 22/23: 2. Godkjenning av sakliste

Type sak: Vedtakssak

Vedtak (samrøystes):

		Dagsorden for studentparlamentsmøte 29.03.23		Saksframlegg
16.00	00	Felles middag		
16.30	55	Opprop og val av møteleiing	V	Ordstyrar
	56	Godkjenningar: Innkalling, sakliste og referat	V	Ordstyrar
16.40	57	Voldakortet – orientering frå Volda kommune	O	Volda kommune
17.10	58	Orienteringar	O	Leiar
17.30	59	Komite for sommaravslutning	V	Velferd
17.35		Pause		
17.50	60	Bruk av gåvemidlar	V	Leiar
18.05	61	Revidering av stillingsomtalar for AU	V	Nestleiar
18.20	62	Revidering av valreglement	V	Nestleiar
18.30	63	Resolusjon om studiebarometeret	V	Leiar
18.45		Møtekritikk, møteslutt		

Sak 56 – 22/23: 3. Godkjenning av referat frå møte 01.03.23

Type sak: Vedtakssak

Vedtak (samrøystes):

Studentparlamentet godkjenner referatet frå sist møte i Studentparlamentet, 01.03.23.

Sak 57 – 22/23: Voldakortet – orientering frå Volda kommune

Type sak: Orienteringssak
Vedlegg: Presentasjon frå Volda kommune om Voldakortet

Nina Kvalen, prosjektleiar for Voldakortet i Volda kommune, orienterte om ordninga. Ordninga vart starta opp hausten 2020, og skal evaluerast no etter 3 år. Nina Kvalen forklarte bakgrunn og status for ordninga, samt planar vidare. Det var ope for spørsmål og kommentarar.

Kvalen bad om innspel frå studentane i Volda på kvifor/kvifor ikkje studentar vel å nytte ordninga.

Kommunen vil også gjerne ha tettare dialog med studentane. Studentparlamentet fekk oppmoding om å vitje kommunestyret, utarbeide ei Studentmelding eller på andre måtar målbere studentane sine behov opp mot kommunen. Det kan også bli aktuelt med ei spørjeundersøking blant studentar om Voldakortet.

Innspel frå Studentparlamentet

- Mange grunnar til at ikkje fleire nyttar ordninga, kan handle om (mangel på) informasjon, kommunikasjon, tilhøyre til heimstad, usikker på kor lenge ein skal bli buande i Volda osv.
- Det var mykje snakk om ordninga då ho vart innført, men har høyrte mindre om den dei siste åra. Kjennskap til ordninga må haldast ved like.
- Studentparlamentet treng meir tid til å gi tilbakemeldingar på ordninga, forslag om å få saka som diskusjonssak på komande møte
- Innspel på å informere nye studentar om ordninga gjennom Fadderposane

AU set saka opp som diskusjonssak på april-møtet.

Sak 58 – 22/23: Orienteringar

Type sak: Orienteringssak

Styret i Fadderveka '23 presenterte seg:

- Arbeidet med å planlegge Fadderveka '23 er i gang, og mange har meldt seg som fadder.
- Styret manglar framleis fadrar frå enkelte fag, som lærar og planlegging og administrasjon, medan det er rikeleg med fadrar frå t.d. mediefag.
- Det blir Fadder-kickoff for fadrane 12. april på Rokken kl 13-17 med ca 70 påmeldte.

Info frå AU:

- Status Elvegata 22
- Dialogmøte SiVolda
- Læringsmiljøutvalet, status
- Val av nytt AU i april + midlar frå NSO til opplæringsdag med av- og påtroppande AU i mai
- UH-Nett Vest og dialog med kommunen

Info frå representantar i Studentparlamentet

- Arbeidsgruppe gjennomført møte med Eigedom og valt ut fargar/material til oppussing av Store BK. Oppussinga skal vere ferdig til studiestart 2023.

Info frå styreleiar, SiVolda

- Adm. dir. Jan Henning Egset går av med pensjon til sommaren, i gang med å rekruttere ny direktør.

Sak 59 – 22/23: Komite for sommaravslutning

Type sak: Vedtakssak

Vi har tidlegare sett av fredag 5. mai til sommaravslutning. Velferdsansvarleg Andrine Kompen vil gjerne ha med seg nokre frå Studentparlamentet i planleggingsgruppe.

Vedtak: Liza Nieuwenhuis, Veronica Bjørdal Sæternes og Jenny Nystad blir med i komiteen.

Sak 60 – 22/23: Bruk av gåvemidler

Type sak: Vedtakssak

AU har sett opp 4 forslag, og foreslår at Studentparlamentet prioriterer to av disse:

- Bordtennis/billiardbord
- Føredragshaldar
- Promovideo av Studentorganisasjonar
- Quizaften/klassequiz/klassearrangement

Etter å ha diskutert ulike sider ved dei ulike forslaga, kom Studentparlamentet med to alternative forslag til vedtak:

Forslag 1 til vedtak (Jenny Nystad)

Studentparlamentet prioriterer først bordtennisbord eller biljardbord, deretter promovideo til Studentorganisasjonar. Evt resterande pengar blir tatt opp til diskusjon på eit seinare tidspunkt med grunnlag for at det skal blir brukt til eit sosialt formål.

Parlamentet ber AU kome tilbake med konkret forslag og pris på neste møte.

Forslag 2 til vedtak (Jonas Eilertsen)

Studentparlamentet prioriterer først promovideo til studentorganisasjonane, deretter til bordtennisbord eller biljardbord. Evt resterande pengar blir tatt opp til diskusjon på eit seinare tidspunkt med grunnlag for at det skal blir brukt til eit sosialt formål.

Parlamentet ber AU kome tilbake med konkret forslag og pris på neste møte.

Votering. Forslag 1 fekk 7 stemmer, forslag 2 fekk 1 stemme.

Vedtak: Studentparlamentet prioriterer først bordtennisbord eller biljardbord, deretter promovideo til Studentorganisasjonar. Evt resterande pengar blir tatt opp til diskusjon på eit seinare tidspunkt med grunnlag for at det skal blir brukt til eit sosialt formål.

Parlamentet ber AU kome tilbake med konkret forslag og pris på neste møte.

Jenny Nystad og Linnea Sundquist fekk innvilga permisjon. Dette medførte at Studentparlamentet for resten av møtet ikkje var vedtaksdyktig. Vedtak i sak 61, 62 og 63 vart difor utsett til neste møte.

Sak 61 – 22/23: Revidering av stillingsomtalanene til AU

Type sak: Vedtakssak

Nestleiar Ammy Bolme la fram saka og det var ope for debatt.

Vedtak: Vedtak i saka vart utsett til neste møte.

Sak 62 – 22/23: Revidering av valreglementet

Type sak: Vedtakssak

Saksframleggjar: Nestleiar

Nestleiar Ammy Bolme la fram saka og det var ope for debatt.

Vedtak: Vedtak i saka vart utsett til neste møte.

Sak 63 – 22/23: Resolusjon om Studiebarometeret

Type sak: Vedtakssak

Saksframleggjar: Nestleiar

Leiar Trond-Fredrik Hoddevik la fram saka og det var ope for debatt.

Vedtak: Vedtak i saka vart utsett til neste møte.

Ingen eventuetsaker.

Møteslutt kl 19.00